

Synfaringsrapport frå kyrkjene i Valle og Bykle

I samband med visitas i 8.-12. februar 2017



Hylestad kyrkje



Hylestad kyrkje ligg i Valle kommune og vart oppført i 1838 av same bygningsmann som bygde grannekyrkja i Valle, Anders Thorsen Syrtveit . Kyrkja er åttekant og bygd i tre . Ho er automatisk listeført som verneverdig.

Hylestad kyrkje er kjend for Hylestadportalen frå 1200-talet. Dette er ein portal som ganske sikkert stod i den gamle stavkyrkja på Bjørgum. Denne kyrkja er omtala i gamle pavelege annalar, der kyrkja har fått den latiniserte nemneforma «Ecclesia de Hulesta». Den originale portalen er i dag plassert på Norsk Folkemuseum og er unik i norsk samanheng. I Hylestad kyrkje er det plassert ein kopi av portalens eine side som skildrar sagnet om Sigurds Fåvnesbane, eller Sigurd Drakedrepar, i form av sirleg utskorne figurar. Portalen kjem ikkje helt til sin rett der han står i våpenhuset i dag, for det er både mørkt og trangt der.

Kyrkja har elles fleire interessante kunstverk. Altertavla er frå 1781 og er todelt med Jesus på krossen og nattverden. Ho er måla av Ole Chr. Nauwert i Kristiansand. Maleriet over preikestolen vart gjeve i gåve til kyrkja i 1939 i samband med 100-årsjubileet. Det er måla av italieneren Pietro Paolo Vasta på 1700-talet og skal ha vore i sjølvaste admiral Nelsons eige. Eit anna italiensk bilete med Maria og barnet på vegg i kyrkja er av ukjend, men gamal dato.

I andre halvdel av 1800-talet vart fargane i kyrkja måla over med kvitmåling, men seinare vart dei originale fargene henta fram att. Slik vi forstår det, har kyrkja framleis dei originale fargane i interiøret.

Behov: Det er aktuelt å fjerne teppa i midtgangen av kyrkja, men ein vil framleis ha teppe inne i altarringen.

Tilgang: Kyrkja har tilgang for rullestolbrukarar (universell tilgang) i hovudinngangen, men det er ikkje universell tilgang til korpartiet og til toalett.

Teknisk: Kyrkja er kontrollert for varmetap. Rømmingslys manglar. Max ti personer tillate på galleriet. Vangane på galleriet er for låge etter forskriftene. Det er behov for å gjere tiltak for å auke sikkerheita.

Kyrkjetekstilar: Det er ikkje kvit messehaket i kyrkja, berre raud, grøn og fiolett.

Inventar: Inventaret i kyrkja er dokumentert i Kyrkjebyggdatabasen.



Kopien av Hylestad-portalen (over og t.h.) frå 1200-talet er den største attraksjonen i Hylestad kyrkje. Kyrkja har også flere antikke maleri.

Altertavla er frå 1781 (bilde nede t.v.).

Frå gamalt av er mange av benkane «reserverte» for dei ulike gardane i soknet (biletet under).



Valle kyrkje



Valle kyrkje i Setesdal er bygd i tre og blei oppført i 1844. Kyrkja er ei korskyrkje. Då ho stod ferdig blei det oppgjeve at ho hadde plass til 350 menneske nede og 150 på «ungdomstrevet» (der dei ugifte sat). Fordelinga av kyrkjebenkane mellom gardane vart i si tid avgjort av kommunestyret!

Kyrkja er automatisk listeført som verneverdig, slik alle norske kyrkjer frå perioden 1650-1850 er. Arkitekt: Linstow type / Anders Thorsen Syrtveit. På kyrkjestaden har det stått ei kyrkje tidlegare. Den er omtala i paven sine annalar i 1327. Også på Nomeland i dagens Valle kommune var det kyrkje i mellomalderen.

Det er fleire verneverdige gjenstandar i Valle kyrkje som truleg kjem frå den førre kyrkja. Det gjeld blant anna eit presteportrett frå 1600-talet, minneplakett frå 1700-talet, oblatkrin frå 1828, og delar av det gamle spiret som i dag er plassert i det eine trapperommet.

Kyrkja vart pussa opp med nytt tak og vart isolert i samband med 150-årsjubiléet i 1994.

Behov: Det er behov for nytt kjøkken i sakristiet. Kyrkje-

lyden har også ønske om å fjerna benkar bak i kyrkjerommet for å gje plass til ein barnekrok. I våpenhuset er det planar om å stenge den eine trappa til tårnet og lage ei mindre bratt trapp på andre sida. Ein ønsker også å få ein varmeovn og ein benk i våpenhuset slik at det vært trivelegare å opphalde seg der.


Tilgang: Kyrkja har tilgang for rullestolbrukarar (universell tilgang) til sideinngang, men det er ikkje universell tilgang til korpartiet og til toalett.

Teknisk: Kyrkja er kontrollert for varmetap.

Kyrkjetekstilar: Det er ikkje kvit messehaket i kyrkja, berre raud, grøn og fiolett.

Anna: Kyrkja treng måling utvendig, men er bra i stand innvendig. Det er sett av pengar til dette i 2017.

Inventar: Inventaret i kyrkja er dokumentert i Kyrkjebyggdatabasen.



Altartavla (biletet under) i Valle kyrkje er interessant. Ho er ei avbilding av Kristi gravlegging. Tavla er laga av ein ukjend nederlandsk meister på 1600-talet. Maleriet gjekk lenge for å vere måla av sjølvaste Rubens, men ein har seinare kome til at det er måla i Nederland inspirert av Federigo Barocci og som ein kopi av Egidius Sadelers «Gravleggelsen». Eit likande motiv finn vi i Røldal stavkyrkje.

I trappegangen opp mot tåret er det plassert ein gamal «værhane». (Biletet under).

Det er behov for utskifting av kjøkkenkroken i sakristiet . (Biletet nederst).



Bykle nye kyrkje


Bykle nye kyrkje, som vart innvigd i 2004, er ei arbeidskyrkje i tre med langkyrkjeplan og saltak. Kyrkja har plass for mange ulike aktivitetar, blant anna i den rommelege kjellar-etasjen. Kyrkja er teikna av arkitekt Hans Olaf Aanensen. Grunnsteinen vart lagd i år 2000, og kyrkja vart vald til tusenårsbygg i Bykle kommu-
ne.

Kyrkjerommet er rektangulært, og korpartiet ligg integrert i kyrkjerommet utan nokon terskel mellom skip og altarring. Over inngangspartiet er det orgelgalleri. Veggene er kvitmåla, og den tredelte himlinga har synlege, trekvite bjelkekonstruksjonar. Golvet er dekt med skifer.

Den kunstnarlege utsmykkinga i kyrkjerommet er ved Per Odd Aarrestad frå Sandnes. Han har utforma glasmåleriet i fondveggen, altarskåpet, altar og altarring, døypefonten med rennande vatn, preikestolen og mosaikkane i golvet i midtgangen.

Kyrkja har symbolske detaljar og utsmykking som går igjen mange stader i kyrkja, til dømes Y-krossen i benker og dører og det blåe dekor-glaset i dei krossmerkte vindauga (gresk kross, sjå neste side).

I kjellaren er det også bærerom med kjøling som brukast i samband med gravferd.





Behov: Alt i alt er Bykle nye kyrkje eit påkosta og tenleg bygg. Kyrkja har relativt høge oppvarmingsutgifter og vert halden varm med elektriske omnar. Kyrkjevevja meiner ein kan spare store fyringsutgifter ved å innføre varmestyring i kyrkja.

Tilgang: Kyrkja har tilgang for rullestolbrukarar (universell tilgang) gjennom hovudinggangen og til toalett og altarringen. Det er heis til kjellar og galleri.

Teknisk: Kyrkja har eit bra høgtalaranlegg for tale, men ynskjer eit anlegg for konsertar og band. Kyrkja har 2 fastmonterte projektorar. Kyrkjetekstilar: Det er berre raud messehaket i kyrkja. Anna: Kyrkja er nymåla.



Bykle gamle kyrkje




Bykle gamle kyrkje stod ferdig kring 1620. Kyrkja har langplan og ca. 70 sitjeplassar i sjølve kyrkjeskipet og er dermed ei av landets minste kyrkjer. Kyrkja er freda. Det er skriftlege kjelder som fortel om kyrkje i Bykle attende til 1300-talet.

Kyrkja er oppført i lafta tømmer med utvendig kledning av kvitmalt panel. På det bordkledde taket er det eit klokkehus. Bordtaket er frå 1939. Interiøret er prega av den måla rankedekoren som prydar både korskiljet og veggane i kor og skip. Dekoren vart måla av Aslak A. Vasshus frå Telemark og Knut Åvoldsson Byklum i 1826 og vart restaurert i 1935

og 1967. Mykje av 1600-talsinventaret, inkludert altartavla og preikestolen, er òg teke vare på i kyrkja. Alterringen er frå 1776. Kyrkja fekk elektrisk oppvarming i 1954, men elektrisk ljøs kom ikkje før i 1987.

I skipet er det galleri mot nord og vest, men det er usikkert om desse er opphavlege. Som tradisjonen var, er kyrkjeskipet delt inn i ei mannsside og ei kvinneside (her er avstanden mellom benkane mindre enn på mannssida). Galleria er òg delt inn i eit mannstrev og eit kvinnetrev.





Tilgang: Kyrkja er ikkje lagt til rette for rullestol-brukarar.

Tekniske detaljar: Ringeanlegget er manuelt. Ved å bruke trådløst internett, kan ein få digital guiding på smarttelefon.

Orgel: Installert i 1989.

Inventar: Inventaret i kyrkja er dokumentert i Kyrkjebyggdatabasen.





Fjellgardane kyrkje, Hovden

Fjellgardane kyrkje (tidlegare Hovden kapell) ligg på Hovden øvst i Setesdal. Ho er bygd i tre og stod ferdig i 1957. Kyrkja har langplan og 110 sitjeplassar. Arkitekt: Torjus Bjåen. Det var kyrkjegard på staden der kyrkja ligg allereie i 1950. Altertavle av Finn E. Olsen (1960). Nytt orgel i 1996. Projektor montert i kyrkja i 2013. Kyrkja har ingen spesiell vernestatus.

Innviinga var ein stor merkedag for bygdefolket i Fjellgardane som hadde hatt ein uvanleg lang og farleg kyrkjeveg. Frå Bjåen var det til dømes 45 kilometer til Bykle kyrkje, og dit måtte konfirmantar, gravfølge og dåpsfølge ta turen over fjellviddene, ofte med både ein og to overnattingar. Om vinteren var ofte ski einaste måten å ta seg fram på. På den tida kyrkja vart bygd var det berre ca. hundre innbyggjarar som sokna til ho, i dag bur det om lag 500 fastbuande på Hovden.

Anna: Kyrkja treng å målast.

Inventar: Inventaret i kyrkja er dokumentert i Kyrkjebyggdatabasen.

Aktuelt: Julaftan må gudstenesta flyttast til grendehuset fordi kyrkja no er for liten, ikkje minst fordi mange hytteturistar søkjer til kyrkja. Det er difor eit ynskje om eit tilbygg eller eit nybygg ved kyrkja på Hovden.



Gravplassane i Bykle og Valle

Det er gravplasser knytta til alle kyrkjene i Valle og Bykle.

Kyrkjeverjene i både Valle og Bykle opplyser at det er avsett nok gravplassar i overskødeleg framtid.

Nye tider fører med seg nye gravferdskikkar. I Øvre Setesdal har ein også teke høgde for det. Det er planar om navna minnelund ved Hylestad kyrkje og Bykle kyrkje. Her vil det vere eit felles minnesmerke med navna til dei avlidne, og ikkje gravsteinar på den einskilde grava. Ved Bykle kyrkje er det lagt til rette for eit muslimsk gravfelt, men førebels er det ikkje teke i bruk.

Det er gravplassar ved alle kyrkjene i Øvre Setesdal. Ved Bykle nye kyrkje er det laga til ein ny gravplass som førebels ikkje er teken i bruk. Her er det avsatt plass til muslimsk gravfelt.





DEN NORSKE KIRKE
Agder og Telemark bispedømme

Tekst: dak. Foto: dak/gmy